

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.: **Vår ref.:** **Sakshandsamar:** **Dato:**
2021/7231 - 93667/2021 Helene-Christin Skaarnes 31.08.2021

Status vedrørende etablering av helsefelleskap i Helse Bergen sitt foretaksområde

Haraldsplass Diakonale sjukehus (HDS), Helse Bergen HF (HB) og dei 18 kommunane i foretaksområdet har i 2020/2021 arbeidd med mål om ein felles utviklingsplan. Rapporten frå arbeidet inngår som en del av kunnskapsgrunnlaget for etablering av Helsefelleskap i foretaksområdet.

Våren 2021 vart det satt ned ei arbeidsgruppe samansett av dei kommunale leiarane av dei fire samarbeidsutvala i dagens samhandlingsstruktur, to brukarrepresentantar (ein frå Helse Bergen sitt brukarutval og ein frå Eldrerådet i Bergen kommune), administrerande direktør ved HDS og viseadministrerande direktør i HB. I tillegg er arbeidsgruppe styrka med ein ekstra representant frå kommunane i kvart utvalsområde; her har utvala vald ein kommunedirektør, ein kommuneoverlege, ein kommunalsjef for helse omsorg og ein etatsdirektør.

Samhandlingsstrukturens Samarbeidssekretariat (SSE), samansett av 4 kommunale representantar og 3 representantar frå spesialisthelsetenesta, fungerer som sekretariat for arbeidsgruppa.

Mål for arbeidsgruppa sitt arbeid:

- Utarbeide forslag til ny samarbeidsavtale, inkludert forslag til ny samarbeidsstruktur. Dette vil bli presentert på Toppleiarmøte i januar 2022 (forslaget er basert på dagens overordna samarbeidsavtale)
- Plan for ferdigstilling og signering vert lagt fram på Toppleiarmøtet 2022
- Mål om signering våren 2022

Dei fire samarbeidsutvala får rapport om status frå arbeidet med etablering av helsefelleskap i sine utvalsmøter (fire møter pr. år i kvart utval, neste møterunde i september). I tillegg har arbeidsgruppa gjort seg tilgjengelege for å delta i møter med kommuneleiinga i dei utvalsområda som ynskjer det.

Vedr. felles kommunal sekretariatsfunksjon:

Bergen kommune stod som søker av støtte til felles sekretariatsfunksjon for kommunane. Støtte er mottatt og det er semje om at ein i etableringsfasen av helsefelleskap nyttar støtta til å styrke dei kommunale ressursane i det eksisterande samarbeidssekretariat (SSE).

Vennleg helsing

Randi-Luise Møgster
Viseadministrerende direktør, Helse Bergen

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kjerstin Fyllingen
Monica Melvold
Anne Grete Robøle
aabb@kvam.kommune.no
Trond Egil Hansen
Tord Moltumyr
STATSFORVALTAREN I VESTLAND